

Fyresdal kommune
Mona Gundersen

Dykkar ref.
2025/425-27

Vår ref.
14/164-13/KES

Dato
06.06.2025


Fyresdal kommune – ein del vegnamnsaker – tilråding

Me syner til eit brev som Mona Gundersen i Fyresdal kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 19. mai i år.

Det dreier seg her om desse einskildsakene:

<i>Føreslege namn (og opplysningar om adresse- parsellen)</i>	Merknader og tilråding frå Språkrådet
<i>Knausane</i> (Hyttefelt Nordre Momrak, gbnr. 28/6)	OK (Namnet Knausane er SSR-registrert på denne staden.)
<i>Fisketjønnevegen og Fritjønnevegen</i> (avstikkar mot nord) (Hyttefelt Våmur Stuvestøyl, gbnr. 26/9, 11 og 15)	Me finn det tilrådeleg å late dei to føreslegne namneformene, Fisketjønnevegen og Fritjønnevegen , bli fastsette som offisielle former. Det førstnemnde namnet er knytt til ein vegparsell som for ein stor del ligg attmed den bekken som kjem frå tjørna <i>Fisketjønne</i> . I SSR er bekkenamnet i dag ført opp med dei to godkjende skrivemåtane <i>Fisketjønneåne</i> og <i>Fisketjønneåi</i> . (Parsellen kunne fått namn etter denne åa, men det ville resultert i eit namn med forma <i>Fisketjønneånevegen</i> , ei namneform som inneheld mange stavingar og som verkar hoste tung å uttale.) Når ein tek utgangspunkt i stølsområdet kring Stuvestøyl, kan ein seie at det i denne saka dreier seg om eit parsellområde som ligg attmed nedre delen av den vegen ein må gå for å komme opp til Fisketjønne og i tillegg ein vegarm som utgjør nedre delen av vegen opp til tjørna med namnet <i>Fritjønne</i> . Primærnamna er SSR-registrerte med skrivemåtane <i>Fisketjønne</i> og <i>Fritjønne</i> som godkjende og prioriterte former. (I tillegg er <i>Fisketjønne</i> og <i>Fritjønne</i> registrerte som ikkje-prioriterte former.) (Skrivemåten <i>tjønne</i> er ei regional samleform som er nytta mykje i offisielle stadnamnformer både i Telemark, Agder og andre stader. Me syner til det som



	står om regionale samleformer i punktet 1.8 i <i>Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn.</i>)
<i>Lifossvegen</i> (Hyttefelt gbnr. 68/1)	Den vegparsellen det er tale om her, ligg attmed øvre delen av ei å som i SSR er registrert med namnet <i>Liåa</i> . (Sjå det innringa området i venstre kanten av det kartutsnittet som er limt inn nedom her.) Den fossen som heiter <i>Lifoss</i> , ligg noko lengre nede i vassdraget. Kommunen bør vurdere å gje vegparsellen namnet Liåvegen .
	
<i>Homskarvegen</i> (Hyttefelt gbnr. 66/13)	Denne vegparsellen ligg attmed eit skar i utmarksområdet på garden Kleiva, gnr. 66. Den eine nabogarden, gnr. 69, ber namnet <i>Homsli</i> , og på ein annan nabogard (gnr. 68) er det eit bruk (bruk 10) med namnet <i>Homme</i> . (Jamfør med den gjeldande matrikkelen.) Namnet <i>Homsli</i> må vere avleidd av namnet <i>Homme</i> . Det same kan seiast om det skarnamnet det er tale om i denne saka. Skarnamnet bør til liks med namnet <i>Homsli</i> , skrivast med genitivs-s. (Jamfør her med punkt 6 i dei utfyllande reglane. Der står det blant anna: «Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen.») Me tilrår at det aktuelle vegnamnet blir skrive Homsskarvegen . (Skarnamnet er ikkje registrert korkje i SSR eller i den namnesamlinga som ber namnet Heradsregisteret. Eit avleidd dalnamn er SSR-registrert med forma <i>Homsskarddalen</i> . I offisielle lokale stadnamnformer bør ein nytte skrivemåten <i>skar</i> (utan d).)
<i>Kleppsvassvegen</i> (Hyttefelt gbnr. 66/4-5)	OK Vegen går opp til eit vatn som heiter <i>Kleppsvatn</i> . På nordsida av vatnet er det ein ås med namnet <i>Kleppsvassåsen</i> . (Sjå på nettsida Norgeskart.) Når det gjeld bruk av genitivsforma -vass-, syner me til punkt 6 i dei utfyllande reglane. Der står det blant anna: «Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen. [...] Når det er tale om nylaga stadnamn (til dømes brunamn, tunellnamn og adressenamn), bør ein ta omsyn til det samansetjingsmønsteret som er nytta i den lokale munnlege stadnamntradisjonen.»

<i>Drangstveitvegen</i> (Hyttefelt kraftverk, gbnr. 25/9)	OK (Det aktuelle hyttefeltet ligg attmed vegen til bruket <i>Drangstveit</i> (bruk 9 på gnr. 25). Bruksnamnet er SSR-registrert med skrivemåten <i>Drangstveit</i> som eineform.)
<i>Jørundland</i> eller <i>Spjotvegen</i> (Hyttefelt gbnr, 25/6 Jørundland)	Parsellen tykkjest vere større enn det området som er dekt av det SSR-registrerte namnet <i>Spjot</i> (og dei avleidde namna <i>Spjotli</i> og <i>Spjotoddane</i>). Me finn det difor mest tilrådeleg at parsellen får namnet Jørundland . Det primære bruksnamnet (namnet på bruk 6 på gnr. 25) er registrert med skrivemåte <i>Jørundland</i> som eineform. Så vidt me kan sjå, finst det på Jørundland ingen andre hyttefelt enn det feltet som det er tale om her.
<i>Nussvikvegen</i> (Støylsveg gbnr. 72/1 Nussvik)	OK Vegen fører til hovudtunet på garden Nussvik, gnr. 72. Gardsnamnet er SSR-registrert med skrivemåten <i>Nussvik</i> som ei godkjend og prioritert form. (I tillegg er <i>Nusvik</i> registrert som ei ikkje-prioritert form.) (Det er skrivemåten <i>Nussvik</i> som må seiast å liggje nærast den nedarva uttaleform og den sannsynlege opphavsforma som gardsnamnet har. (Sjå det som står om dette på side 395 i band 7 i bokverket <i>Norske Gaardnavne</i> .)
<i>Ramsvassvegen</i> og <i>Valevassvegen</i> (Støylsveg og hytteveg gbnr. 70/2)	OK Den førstnemnde vegen går opp til eit vatn med namnet <i>Ramsvatn</i> . (Her er det elles ein gard med eit likelydande namn.) Den hin vegen går langs med eit vatn som heiter <i>Valevatn</i> . (Når det gjeld bruk av genitivsforma -vass-, syner me til det me har skrive om namnet <i>Kleppsvassvegen</i> ovom her.)
<i>Sundodden</i> (<i>Sundoddvegen</i>) (Reguleringsplan Nedre Griddalen Sundodden, gbnr.17/1)	Sidan ein ikkje kan seie at alle dei aktuelle hyttene ligg ute på den odden det er tale om her, verkar det mest tilrådeleg å nytte Sundoddvegen som namn på denne parsellen.
<i>Espeli(vegen)</i> (Støylsveg gbnr.23/1-2 , Espelia)	Det dreier seg her om ein veg som går opp til ein støl med namnet <i>Espeli</i> . Me tilrår at vegen får namnet Espelivegen . (I SSR er det primære stølsnamnet registrert med skrivemåten <i>Espeli</i> som ei godkjend og prioritert form. (I tillegg er <i>Espelian</i> registrert som ei ikkje-prioritert form.))

Me minner om at alle adressenamnedtak skal meldast til Kartverket (post@kartverket.no) og til Språkrådet (post@sprakradet.no). (Jf. med § 9 i forskrifta til stadnamnlova). SSR-registrering av adressenamna skjer no automatisk når ein legg namna inn i matrikkelen. (Sjå det som står på adressa <https://www.kartverket.no/til-lands/stadnamn/handbok-for-navnebehandling#heading-10619>). Melding om vedtaka skal likevel sendast til Kartverket og Språkrådet.

Med helsing frå

Rune Røsstad
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Fyresdal kommune

Kopi til:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Vedlegg:

Fyresdal kommune – ein del vegnamnsaker – brevet frå kommunen	137353
---	--------

Fyresdal kommune – ein del vegnamnsaker – plandokument med aktuelle kart	137354
---	--------